

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 14.03.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Angunn Handegard Trå, Odmund Skeie og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Kenneth Vikane, Veslemøy Aarseth Mjelde og Ingebjørg Grøtt
Referent: Kaia

Inger Johanne Linjord møtte frå valnemnda i starten av møtet for å informere om arbeidet i nemnda.

Sak 2023/19: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2023/20: Godkjenning av referat frå styremøte 14.02.2023. Godkjent

Sak 2023/21: Eigedomar:

- Det er mistanke om at deler av varmeanlegget i gymsalen er defekt eller har redusert funksjon. Avtale tidspunkt for inspeksjon med Sigmund, Thorleif har stillas/rullestillas for tilkomst.
- Kontakte Kram Sjø som har ansvar for å levere og montere innvendig feittutskiljar på avløpet frå kjøkenet i Meieriet i god tid før restauranten opnar (etter pålegg frå Ullensvang kommune). Arbeidet må koordinerast med HB som skal kople frå den utvendige (knuste) septiktanken som tidlegare har fungert som utskiljar.
- Montere nye vindauge mot nord og nordaust i kulturhuset (i toalettrom, lagerrom og kjellarrom) v/Gjernes AS, startar arbeidet denne veka.
- Reparasjon og forlenging av rekkverk (wire) og støype nokre trinn på kulturstien ved nedgangen til Vassel. Utførast v/Gjernes AS, informere Jon Olav Haavik ved oppstart av arbeidet. Vert litt utpå våren.

Sak 2023/22: Tilstellingar:

- Evaluering av basaren 25.02.2023. Resultat vart fantastiske kr. 71.070,-, tusen takk! Bygdelaget fortset å ha basaren på laurdagen midt i vinterferieveckene, i 2024 vert det 24.02.
- Opning av Herand Handel vert laurdag 25.03.2023 kl. 12.00, me spør om det er noko me skal bidra med opningsdagen eller i tida fram til opning.
- Årsmøte for Herand bygdelag for 2022 er søndag 26.03.2023 kl 16:00.
Gjennomgang årsmelding 2022 v/Kaia.
Gjennomgang revidert rekneskap 2022 v/Agunn.
Førebuingar til årsmøtet; me tingar kake på Herand Handel. Styret møter kl. 15.00. *Alle hjarteleg velkomne!*
- Bygdedugnad laurdag 29.04.2023. Graut og kake på bedehuset. Me ber om at laga melder inn arbeidsoppgåver til dugnaden fortløpande.

Sak 2023/23: Herand omsorgsbustader AS

- Status vidare arbeid med ny samarbeidsavtale med kommunen. Leiar i omsorgsbustadene og leiar i bygdelaget er i dialog med kommunen. Bygdelaget vil gje informasjon/ha ein dialog om omsorgsbustadene på årsmøtet.

Sak 2023/24: Økonomi:

- Kulturhuset har fått straumstøtte for perioden okt.-des. 22 på om lag kr.16.000,-.
- Kasserer søker driftsmidlar til lagshus frå kommunen.

- Hugs å betale abonnementet på Herand bygdeblad for 2023. Kasserer sender ut faktura på ubetalte abonnement.

Sak 2023/25: Andre saker/eventuelt:

- HB har fått ein e-post frå Magne Gjerde med førespurnad om bistand frå bygdelaget i søknadsprosessen om midlar o.a. for utbetring/sikring av deler av stien rundt Samlen. Leiar sender svar frå styret.
- Geiter i kulturstien; kjem rundt 10. mai.
- Asfaltering av plassen ved kulturhuset; me har tilsegn på kr. 100.000,- frå Sparebankstiftinga. Me forsøker å få kommunen med på finansiering av asfalteringa.
- 17.mai; er det laga ny komité for i år? Me sjekkar med komiteen frå i fjor. Det er deira ansvar å sette opp ny komité og kalla inn til fyrste møte og overlevere.

Neste styremøte tysdag 11.04.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus